

VOSS HERAD
Postboks 145
5701 VOSS

Ny samarbeidsavtale mellom VLFK og kommunane om Invest in Bergen og Etablerersenteret 2021 - 2024

Hordaland fylkeskommune inngjekk i 2017 ein samarbeidsavtale med 22 kommunar i Hordaland om drift av Invest in Bergen og Etablerersenteret. Avtalen gjaldt for perioden 2017 - 2020. Frå og med 1. januar blei Hordaland fylkeskommune sine forpliktingar overført til Vestland fylkeskommune. Etter kommunesamanslåingane er det 17 kommunar som deltar i ordninga. Vestland fylkeskommune ønskjer å inngå ein ny avtale med kommunane for perioden 2021-2024, sjå vedlagde avtaleutkast.

Avtalen skal sikre:

- 1) at dei som ønskjer å etablere ny verksemd eller vidareutvikle ei eksisterande verksemd i dei aktuelle kommunane får tilgang til etablerarkurs og rådgjeving gjennom Etablerersenteret.
- 2) at kommunane og regionane blir involverte i Invest in Bergen sitt arbeid med å få fleire nasjonale og internasjonale verksemder til å etablere seg i dette området.

Vestland fylkeskommune ønskjer i utgangspunktet at ein ny avtaleperiode 2021-2024 skal gjelde for både Etablerersenteret og Invest in Bergen. Kommunane kan likevel velje å tiltre samarbeidet om berre eitt av tilboda. Ved signering må kommunen krysse av for kva tilbod avtalen gjeld.

Drift av Etablersenteret og Invest in Bergen vil framleis vere basert på eit spleiselag der kommunane og fylkeskommunen betaler same sats per innbyggjar.

Invest in Bergen

Invest in Bergen sitt overordna mål er å få fleire nasjonale og internasjonale verksemder til å etablere seg i vår region. I dei siste tre åra har Invest in Bergen hjulpet fleire bedrifter på plass. Invest in Bergen har opparbeidd eit godt nettverk i regionen, både mot kommunane og mot næringslivet. Sjå vedlegg for meir informasjon om arbeidet.

Etablerersenteret

Vestland fylkeskommune arbeider no med å utvikle eit heilskapleg entreprenørskapsstøttesystem for Vestland fylke, som skal sikre lik tilgang til støtte og rettleiing uansett kor i fylket ein bur, sjå vedlegg. Eksisterande aktørar på dette feltet skal etter planen integrerast i ei slik teneste. Etablerersenteret vil då bli integrert i dette nye systemet. Målet er at kvaliteten på tenestene vil bli

høgare ved at ein kan trekkje vekslar på ekspertkompetanse på tvers av kommunane og regionane tilpassa behova til den einskilde entreprenøren.

I forkant av eit slikt nytt heildekkjande system vil samarbeidsavtalen som kommunane har om Etablerersenteret sine tenester, bli revidert.

Vi ser fram til eit godt samarbeid i fortsetjinga om to viktige tenestetilbod.

Vi ber om at avtalen blir returnert underskriven til Vestland fylkeskommune innan 15. september 2020.

Vedlegg:

- Samarbeidsavtale VLFK og kommunane
- Årsmelding Invest in Bergen 2019
- Ny programperiode / status Invest in Bergen
- Nytt entreprenørskapsstøttesystem i VLFK

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
Seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift